

Søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess pbl § 12-14, andre ledd

Detaljregulering Råolje- og petroleumsterminal Gulen
industrihamn, g/bnr. 63/35,36.

Gulen kommune

PlanID 2013002

Revisjonshistorikk

Rev	Dato	Skildring av endringa	Utarbeida av	Kontrollert av	Godkjent av
0	06.02.2024	Søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess, Detaljregulering Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn, g/bnr. 63/35,36, Gulen kommune, PlanID 2013002	NO1E6D	NOADJO	NO1E6D
1	15.05.2024	Oppdatering etter førebels tilbakemelding frå Gulen kommune.	NO1E7T	NOIRVA	NO1E7T
2	07.07.2024	Justering etter høyring	NO1E7T	NOADJO	NO1E7T

Innleiing

Sweco Norge AS har på vegne av Alexela Sløvåg AS utarbeidd ein reguleringsplan for Råolje- og petroleumsterminal Gulen Industrihamn, Gbnr. 63/35,36, plan-id 2013002 som trådte i kraft 20.03.2014.

Søknaden om endring av detaljreguleringa blir utført av Sweco Norge AS på vegne av Wergeland Eigedom AS, som er grunneigar i området.

Området er opparbeidd og ferdigstilt om lag i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen. På industrianlegget står det oljetankar som utgjør risiko for brann. Det er derfor sett av ei sikringssone i plankartet som sikrar denne sona etter brann- og eksplosjonsvernloven (LOV-2002-06-14 nr. 20). Det som vart sett av som sikringssone i 2014 er mykje større enn det som er teke i bruk i dag. Det var den gang tenkt å utvide arealet med oljetankar, men det er ikkje lenger aktuelt. På nabotomta har Sweco parallelt sendt inn ein søknad om reguleringsendring på planID 2013003 etter forenkla prosess på vegne av Wergeland Gruppa AS. Bakgrunnen for dette er at Wergeland Gruppa AS/Georgine Wind AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin.

Transformatorstasjonen til vindturbinen er tenkt plassert innanfor industriområde B19, innafor det som er sett av med sikringssone H350 brann- og eksplosjonsfare i gjeldande reguleringsplan. Sikringssona overlappar dessutan med området der vindturbin er tenkt oppført innanfor detaljregulering for Gulen industrihamn, planID 2013003. Det er derfor viktig at sikringssona blir endra, slik at det kan førast opp både vindturbin i naboplanen og transformatorstasjon i denne planen.

I tillegg vert det gjort endringar i det interne vegnettet på tomten etter ynskje frå kommunen og råd frå Statens vegvesen, og det er lagt inn kaiar som er bygd i nord.

Det er positivt at området som vert utsett for brann- og eksplosjonsfare er redusert, og industritomta kan derfor utnyttast betre til anleggsverksemd. Ikkje minst er planen om havvindturbin på nabotomta eit viktig tiltak for å være med på det grønne skiftet og nå måla om å redusere klimagassutslepp.

Det er starta arbeid med ein reguleringsplan som skal rydde opp i fleire gamle reguleringsplanar med sikte på å oppdatere desse til dagens realitet og behov. Fleire forhold frå føreliggjande plan (Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn), vil bli vurderte og eventuelt reviderte i den nye reguleringsplanen.

Samandrag

Dette er ein forenkla planomtale for endring av nemnde reguleringsplan. Endringa blir gjort etter ein forenkla prosess, jamfør plan- og bygningslova § 12-14. Grunngevinga for dette går fram av kapittel 3.

- Hovudendringa går ut på å endre sikringssona for brann- og eksplosjonsfare.
- Det er lagt til rette for ein transformatorstasjon innanfor industriområde BI9.
- Det interne vegnettet er bygd annleis enn kva som tidlegare er regulert, og dette er dermed oppdatert etter ønske frå kommunen. Annan veggrunn er utvida langs alle vegar etter råd frå Statens vegvesen.
- Kaiar i nord, som inngår i næringsområde BI1 - a og Kai 1 - a, er teke inn i samsvar med bygd situasjon.
- Planområdet er redusert i sør, ettersom dette arealet inngår i detaljregulering for Gulen industrihamn, planID 2013003.

Namn på gjeldande plan:	Detaljregulering Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn
GRN/BRN:	63/35,36
Vedtaksdato for gjeldande plan:	20.03.2014
Tidlegare endringar av gjeldande plan:	Ingen
Plankonsulent:	Sweco Norge AS
Forslagsstillar:	Wergeland Eigedom AS
Gebyrmottakar:	Wergeland Eigedom AS.
Dato for innsending av søknad:	02.02.2024
Dato for innsending av oppdatert søknad:	15.05.2024
Tidspunkt for høyring:	31.05.2024–21.06.2024
Dato for innsending av oppdatert søknad etter høyring:	08.07.2024

Innholdsliste

1	Bakgrunn for planendringa	5
2	Søknad om endringar	5
2.1	Føresegner	13
2.2	ROS-analyse	16
2.3	Andre opplysningar	16
2.4	Verknader/konsekvensar av endringa	16
3	Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd	17
4	Medverknad	17
5	Høyring	17

Vedlegg

- 1 Råolje- og petroleumterminal Gulen industrihamn_plankart, datert 04.07.2024
- 2 Råolje- og petroleumterminal Gulen industrihamn_føresegner, datert 12.07.2024
- 3 Råolje- og petroleumterminal Gulen industrihamn_ROS, datert 13.05.2024
- 4 Gulen industrihamn_notat trafikkvurdering, datert 06.05.2024
- 5 Risikovurdering steinsprang_Sløvåg transformatorstasjon, datert 22.02.2024
- 6 Merknadsoppsummering_råolje og petroleumsterminal, datert 08.07.2024

1 Bakgrunn for planendringa

Wergeland Gruppa AS/Georgine Wind AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin i samband med sertifisering av turbinar, med plan om at turbinen skal overtakast av Wergeland Gruppa etter testperioden. I samband med dette arbeidet er det utarbeidd ein konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing, datert 20.12.2023. Vindturbinen er planlagd høgare enn det som er opna for i gjeldande detaljregulering for Gulen industrihamn (planID 2013003), og det er derfor søkt om å endre planen. Søknaden er sendt parallelt med søknaden om å endre detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (denne planen).

Turbinen har ein sikringssone for iskastfare (H390) som overlappar med gjeldande sikringssone for brann-/eksplosjonsfare (H350) i denne planen. Sikringssona for brann- /eksplosjonsfare er knytt til tankanlegget og STS-operasjonar ved kai. Desse tankane inneheld råolje, og medfører derfor risiko for brann. Då planen blei vedteken i 2014 var tanken å utvide området for tankanlegget, samt å oppføre enda ein kai med STS-operasjonar (kai 3). Det har ikkje blitt realisert, og no ønskjer ein å gå over til meir grøn energi. For å kunne oppføre havvindturbinen, og å knyte ein transformatorstasjon til turbinen, er det naudsynt å redusere sikringssona til å omfatte dei faktiske tankane som står der i dag. Det er derfor også naudsynt å endre detaljreguleringa for råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (denne planen). Vindturbinen i planID 2013003 er avhengig av at også endringa av planen for råolje- og petroleumsterminalen blir godkjend.

Vegnettet på plankartet vert også endra, ettersom det har vore utbygd litt annleis enn kva plankartet frå 2014 la opp til. Oppdatering av vegnettet til gjeldande situasjon har vore eit ynskje frå kommunen si side. Dette medfører at industriareala ser noko annleis ut, og industri 1 er delt opp i to område, BI1 - a og BI1 - b. Det same gjeld KAI1, som er delt opp i KAI1 - a og KAI1 - b. I nord er det teke inn kaiar i samsvar med bygd situasjon, og som i nord heng saman med kai i naboplanen, planID 2013003.


2 Søknad om endringar

Reguleringsendringa omfattar i hovudsak:

1. Endring i plankart: sikringssone for brann-/eksplosjonsfare er redusert.

Det er ikkje fare for eksplosjon i anlegget ettersom produkta ikkje skal blandast eller være under trykk. Det verste som kan skje, er at tankane tar fyr.

Det er lagt inn to sikringssoner. H350_1 som tilsvara sikringsfelt, og H350_2 som tilsvara tryggleikssona, figur 1. Bakgrunnen for dette er at det nye tankanlegget som vert tenkt når planen ble vedtatt i 2014 ikkje lengre er aktuelt, samt STS-operasjonar på kai 3. Sikringsfelt angir den minste avstanden frå anlegget med brannfarleg vare der 3. person skal kunne opphelda seg med rimeleg sikkerheit, sjølv om det skulle oppstå et uhell som for eksempel brann. I tryggleikfeltet skal 3. personsaktivitetar heller ikkje medføre risiko for anlegget. Tryggleikssone er den minste avstand frå anlegg med brannfarleg vare kor bedrifta sjølv kan ha anna verksemd som brennbart opplag eller tennkjelde utan at det blir rekna som vesentleg risiko for anlegget. Tryggleikssona set avgrensingar på eigen aktivitet rundt verksemd med brannfarleg vare.



Figur 1. Plankartet til venstre viser sikringssona frå 2014, mens kartet til høgre viser ny sone som er snevra inn i samsvar med dagens bruk. Beregningar gjort av EnergiNorge (2009). Planområdet er redusert i sør, ettersom dette arealet inngår i planID 2013003. Plassering av planlagt vindturbin er vist med påskrift.

Tryggleikssona er sett til 56 m frå tankane. Rundt skip er den vurdert til 25 m vinkelrett frå kaikant og frå ytste fartøyside. Sona er vurdert av Norsk Energi (2009), sjå vedlegg. Det er ikkje kome nye krav til sikringssoner etter at denne vurderinga blei gjort.

Beregningar utført av Norsk Energi gir følgande utstrekning av sikringsfelt, rekna som avstand frå tankveggane:

- Område 1 og 2: ca. 150 m
- Område 1, 2 og 3: ca. 120 m
- Område 4: ca. 85 m

I tillegg kjem tryggleiksfelt rundt skip, kor ein har tatt utgangspunkt i mogleg lekkasje ved laste-/losseoperasjonar. Storleiken på tryggleikssona blei berekna til 100 m vinkelrett frå kaikant og frå ytste fartøyside. All shipping som skal ta i mot petroleum skal leggje til kai 2, føresegnene er oppdatert med omsyn til dette. Tryggleikssoner og sikringsfelt er samanstillt i figur 2.


Planområdet er dessutan redusert i sør, slik det går fram av figur 1. Dette skuldast at dette arealet no inngår i detaljregulering for Gulen industrihamn, planID 2013003.



Figur 2. Tryggleikssone og sikringsfelt samanstilt etter beregningar utført av Norsk Energi (2009).

2. Endring i plankart: nytt arealformål for energianlegg

Det skal oppførast ein ny transformatorstasjon innanfor planområdet, og det vert derfor lagt inn eit nytt arealformål for energianlegg i plankartet, figur 3. Det vert behov for ny trafo for å filtrer 66 kV til 22 kV frå vindmølla. Kablane til trafoen blir lagde i bakken og er lagt inn med ei omsynssone. Nokre av kablane og tryggleiksboksane står innanfor sikringssona for brann-/eksplosjonsfare, og brot på trafo/jordkablar er vurdert som eit nytt punkt i ROS-analysen. I føresegnene er det teke inn eit nytt punkt knytt til omsynssone H370 høgspenningsanlegg, sjå kapittel 2.1.



Figur 3. Nytt formål lagt inn, energianlegg med tilhøyrande omsynssone for høgspenningsanlegg (H370).


3. Endring i plankart: vegnettet er oppdatert slik det er i dag

Internt vegnett er oppdatert i samsvar med vegane som faktisk er bygde, figur 4. SKV1 er flytta om lag 40 meter nordover samanlikna med den opphavleg reguleringa, og den går delvis over Kai 1 i staden for å tangere den. Det gjer at KAI1 no er delt opp i KAI1 - a og KAI1 - b. I gjeldande reguleringsplan er det berre éin tilkomst til planområdet. I den nye løysninga er SKV1 kopla til veg i naboplanen i nord, slik at han dannar ei større sløyfe. Dette forenkler trafikken gjennom industriområda. Dette medfører også at industriareala ser noko annleis ut, og industri 1 er no delt i to område, BI1 - a og BI1 - b.

Krysset frå SKV1 til SKV2 er bygd litt større enn regulert, og er oppdatert i samsvar med gjeldande situasjon. SKV2 er endra til ein forkorta tilkomstveg til BI13 frå nord, slik han fungerer i dag. SKV3 er ein ny tilkomstveg til BI13 frå sør, som er bygd som ei forlenging av ein veg som kjem frå naboplanen i sør. SKV3 greiner ut i sidearm for å gje tilkomst til eit lagerbygg. Trafikk mellom SKV3 og lagerbygget snur på industriområdet nord for Y-krysset. I industriområdet mellom SKV2 og SKV3 er det ikkje lagd opp til gjennomkøyring.

SKV4 greinar ut frå SKV1 for å tene BI1. Denne vegen er forlenga, ettersom han var regulert litt kort i gjeldande plan.

Dei nye vegane har same breidde og standard som dei tidlegare regulerte vegane. Areal for vegskulder (SVG – annan veggrunn) er utvida med éin meter på kvar side av vegane. Byggjegransene mot veg er justert tilsvarande, slik at avstanden frå SVG er den same som før. Dette skal gje rom for framtidige justeringar/utvidingar av vegane, og hindre at nye bygg kjem så tett på vegane at det er til hinder for framtidig utvikling av vegsystemet. Endringa er gjort etter råd frå Statens vegvesen ved høyringa av planendringa.




Figur 4. Forklaring til endringar i vegsystemet.

Vegnettet er interne vegar, og er derfor unnateke krava i vegnormalen. Farten er dessutan låg, med fartsgrense på 30 km/t inne på området. Vurderinga av trafikksikkerleiken i krysset SKV1 og SKV2 og av sidearmen til SKV3 viser at løysingane ikkje er ideelle. Det bør gjerast tiltak for å betre sikt i begge

kryssa. Ved kryss til SKV2 er det tilrådd å fjerne vegetasjon og eventuelt massar, og det kan også vurderast speil. I plankartet er det lagt inn ei frisiktsone, H140, i dette krysset, som seier at «... det skal vere fri sikt i ei høgd av 0,5 meter over dei tilstøytande vegars plan». Sidearmen til SKV3 er i ein vinkel på 20 grader med dårleg sikt mellom. Det blir tilrådd å setje opp speil for å betre sikta, og eventuelt vikepliktskilt for trafikk frå sidearmen. Dette er tiltak som det ikkje kan stillast krav om i detaljreguleringa.

4. Endring i plankart: kai nord i planområdet er teke inn



Figur 5. Til venstre: Utsnitt som viser gjeldande detaljregulering for Gulen industrihamn (i nord) og gjeldande detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal (i sør). Til høgre: Nytt plankart der eksisterande kai er lagt inn.


I detaljregulering for Gulen industrihamn (naboplanen) er det lagt til rette for ein kai på grensa til detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal Gulen industriham (denne planen). Denne kaien er bygd som ein samanhengande kaifront heilt fram til tidlegare regulert KAI 1 – a. Kaien er no føreslått lagt inn i detaljreguleringa for råolje- og petroleumsterminalen, i samsvar med bygd situasjon, figur 5. Det gjer at arealføremåla i grensa mellom dei to plankarta no også stemmer overeins. Kaien gir mellom anna fundament for kranoperasjonar for montering av vindturbinar. Det blir vist til kommunen sine saksnummer 21/1428 og 21/11631.

I den tildegare plan var det regulert ei byggegrense mellom industrifeltet BI1-a og KAI 1, dette truleg fordi det var tiltenkt to separate verksemdar. Men eksisterande verksemdar er flytande på dei to feltene og behovet for byggegrense er ikkje lenger nødvendig. Byggegrensa mellom de to feltene er derfor tatt ut planen.

Byggegrensa mot sjø går i føremålsgrrensa, jamfør ny føresegn 5.1.3. Dette inneber at byggegrensa er flytta lenger ut i sjø enn i gjeldande plan. Hensikta er å utnytte dei tilgjengelege areala på ein betre måte. Det er vurdert at dette ikkje har verknader for allmenne interesser, ettersom arealet allereie er bygd ut med kaiar. Området utanfor kaifronten er sett av til hamneområde i sjø, og er ikkje aktuelt for fritidsbruk.

5. Endring i plankart: Raud støysone frå vindturbin H210 er teke inn

Innanfor industriområda som ligg nærast den planlagde vindturbinen i naboplanen, er det opna for bygg til industriføremål med tilhøyrande lager- og kontorfunksjonar. For å sikre tilfredsstillande støytilhøve for kontorarbeidsplassar og andre opphaldsrom, er det teke inn ei omsynssone «raud støysone for vindturbin», figur 6. Tilhøyrande føresegn går fram av kapittel 2.1 under.



Figur 6. Raud støysone for vindturbin er teke inn i plankartet som omsynssone H210 med tilhøyrande føresegn for å sikre tilfredsstillande støyforhold på kontorarbeidsplassar og opphaldsrom.

6. Ny føresegn: omsyn til iskast er teke inn

Delar av planområdet kjem innanfor gul iskastsone rundt planlagt vindturbin, figur 7. Sonene er basert på NVE sine tilrådingar om akseptkriteriar for risiko for iskast.¹ Desse byggjer igjen på DSB si inndeling av omsynssoner rundt anlegg som utgjør fare for omgjevnadane. I gul sone (individuell risiko per år (LIRA) inntil 10^{-5}) kan det akseptast offentlege vegar og faste arbeidsplassar innan industri- og kontorverksemd. I grøn sone (risiko inntil 10^{-6}) kan det akseptast bustadferemål. Basert på dei utførte berekningane ligg grenseverdien for den gule sona i ein avstand på ca. 30–175 m frå turbintårnet med lengst avstand mot nordøst (størst risiko for iskast i denne sektoren)². Det er tilrådd at det blir sett opp fareskilt ved inngangen til industriområdet som åttvarar om risiko knytt til iskast og isnedfall når dei meteorologiske forholda tilseier dette. Det er òg tilrådd at det blir installert eit system for deteksjon av is på turbinen. Det blir føreslått å ta inn ei føresegn i planen som seier at det ikkje er tillate med verksemd og tiltak som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbin enn 175 meter, sjå kapittel 2.1. Føremålet er å unngå at det blir ført opp bygg som kan vanskeleggjere etablering av vindturbin og at nye bygg skal ha tilstrekkeleg tryggleik mot iskast.



Figur 7. Illustrasjon over raud, gul og grøn iskastsone (Kjelde: Meventus). Den gule og grønne iskastsona ligg delvis innanfor planområdet. I gul sone kan det etablerast industri med tilhøyrande kontor, men det skal vere dokumentert at det er teke omsyn til fare for iskast.

¹ NVE 5/2018. Veileder for håndtering av iskast i norske vindkraftverk.

² Meventus AS. Sløvåg vindkraftverk – vurdering av risiko for iskast. Rapportnr. 2023–008.

2.1 Føresegner

Plankartet i 2014 blei laga etter gamal sosi-versjon, og kodane for dei ulike formåla er endra. Desse er oppdatert i dei nye føresegnene i samsvar med nytt plankart.

Følgjande føresegner endrast slik:

(Raud tekst er endra. Kun raudt betyr at tekst er lagd til, raudt med strek over betyr at tekst er teken bort).

Reguleringsplanen inneheld følgjande formål og omsynssoner:

BYGNINGAR OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr. 1)

- **BI – Industri 1a - 13**
- **BKB_1 – Industri/Lager**
- **BKB_2 – Kontor/Industri**
- **BE - Energianlegg**

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 2)

- **Køyreveg – felles (~~f_Veg 1-3~~ f_SKV 1-4)**
- **Annan veggrunn – teknisk anlegg (f_SVT)**
- **Annan veggrunn – grøntareal (f_SVG)**
- **Kai (K1-K3)**

OMSYNSSONER (pbl § 12-6)

- **Frisikt (pbl § 11-8a, H_140)**
- **Sone for brann-/eksplosjonsfare (pbl § 11-8 a, H_350)**
- **Sone for høspenningsanlegg (inkl. høspenkablar) (pbl § 11-8 a, H_370)**
- **Raud støysone for vindturbin (pbl § 11-8a, H210)**

BESTEMMELSESONRÅDE (pbl § 12-7)

- ~~Bestemmelsesområde (pbl § 12-7 pkt.2)~~

§ 1.2 *Røygater og tilhøyrande naudsynte tekniske installasjonar knytt til mellomlagring og omlasting av petroleumsprodukt og råolje er tillate oppført på tvers av reguleringsfelta og byggegrensene, unntatt på felt 9, 10, 11 og 12, innan planområdet etter på førehand godkjent situasjonsplan.*

§ 1.6 ~~Bestemmelsesområde – Areal avsett til bestemmelsesområde (jf. pbl § 12-7 pkt. 2) kan nyttast til midlertidig område for anlegg. Områda skal berre nyttast til anleggområde ved bygging og oppgradering av vegstrekk. Når veg med tilliggjande areal er ferdigstilt skal areal tilbakeførast slik dei var før anleggsstart, eller opparbeidast til føremålet det er regulert til.~~

§ 1.9 **Iskast**

Det er ikkje tillate med verksemder og tiltak som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbin i planID 2013003 enn 175 meter.

§ 1.10 *Nye bygg og anlegg må vera dokumentert sikra mot framtidig støy, iskast og skuggekast frå vindturbin før det kan gjevast byggjeløyve. Innandørs støynivå i kontor, opphaldsrom eller anleggsbrakker skal vere i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillte krava til arbeidstilsynet.*

§ 4.3.1 *Følgjande areal skal vere felles for angjevne eigedomar:*

- Felles veg ~~f_Veg1, f_Veg2 og f_Veg3~~ f_SKV1, f_SKV2, f_SKV3 og f_SKV4 er felles for dei eigedomane som har tilkomst via vegane.
- Anna vegareal-teknisk infrastruktur er felles for dei eigedomane som høvevis nyttar ~~f_veg1, f_veg2 og f_veg3~~ f_SKV1, f_SKV2 og f_SKV3.

§ 5.1 **Industri (BI) 1 og Industri 13 1, 9, 10, 11, 12 og 13**

§ 5.1.1 Innanfor felta er det tillate med bygg til industriføremål med tilhøyrande lager- og kontorfunksjonar og anlegg med dei avgrensingar som går fram av punkt 8.2.

§ 5.1.2 Maks byggjehøgde er i ~~Industri 1 og Industri 13~~ BI 1a, 1b, 10, 11, 12 og 13 sett til +7,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng sitt nivå.
Maks byggjehøgde er i Industri 9 sett til +30 meter over gjennomsnittleg planert terreng sitt nivå.
%BYA går fram av tabell under punkt 5.6.

§ 5.1.3 Byggjegrænse mot sjø i BI1 - a går i føremålsgrensa.

§ 5.2 **Industri (BI) 2 – 128**

§ 5.2.1 BI 2 ~~og Industri 10~~ er regulert til industriføremål. Det kan oppførast pumpestasjon knytt til drift av råolje- og petroleumsanlegg i felta. Maks byggjehøgde i felta er sett til + 7,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng sitt nivå.

~~§ 5.2.5 Industri 9 er regulert til industriføremål. Det kan oppførast tankar til mellomlagring av råolje og petroleumsprodukt i feltet. Maks byggjehøgde i feltet er sett til + 30 meter over gjennomsnittleg planert terreng sitt nivå.~~

~~§ 5.2.6 Industri 11 og Industri 12 er regulert til industriføremål. Det kan oppførast installasjonar og mindre bygg knytt til drift av råolje og petroleumsanlegg i felta. Maks byggjehøgde er sett til + 7,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng~~

§ 5.5 **Energianlegg (BE)**

Området skal brukast til transformatorstasjon og område for høgspenteleidningar/kablar.

§ 6.1 **Veg – felles (f_Veg 1-3) (f_SKV 1-4)**

~~§ 6.2 Det skal settast av plass for å kunne snu ein lastebil i enden av kvar veglenke i planområdet.~~

§ 6.3.1 I felt ~~f_A41~~ f_SVT1 er det tillate med parkering. Det kan opparbeidast inntil 30 P-plassar i feltet. Det er og tillate med mindre bygg og tekniske installasjonar.

§ 6.3.2 I KAI2-~~K3~~ er det tillate med bygg og installasjonar som er naudsynt for drifta av råolje- og petroleumsanlegg og STS-operasjonar ved fortøying til kai, såframt plassering av elementa ikkje er i strid med overordna regelverk for denne typen kaianlegg.

§ 7.3 **STS-operasjonar**

Det opnast for skip til skip-omlasting (STS) av petroleumsprodukt og råolje ved fortøying til KAI2 ~~og K3~~ innan føremålet, såframt løyve etter anna relevant lovverk vert gjeve.

§ 8.2 Faresone for brann-/eksplosjonsfare (pbl. § 11-8a, H350)

~~Faresone er merka H350_ på plankartet. Det er brann- og eksplosjonsfare knytt til tankanlegget og STS-operasjonar ved kai. «Forskrift om handtering av farleg stoff» og Storulykeforskrifta frå DSB skal vere gjeldande, eller den til ein kvar tid gjeldande forskrift. Plassering av byggjetiltak innanfor faresona får brannkrav i høve til byggjeforskrifta, dette skal dokumenterast på byggjesaksnivå.~~

~~H350_1 er sikringsfelt i tilknytning til tankanlegget for mellomlagring av råolje og petroleumsprodukt samt STS (skip til skip)-operasjonar ved kai 2.~~

~~H350_2 er sikringsone i tilknytning til tankanlegget for mellomlagring av råolje og petroleumsprodukt samt STS-operasjonar ved kai 2.~~

Innanfor faresone H350 kan det ikkje etablerast bygg eller drivast verksemd i areal som inneber varig opphald. Plassering av byggjetiltak innanfor faresona skal oppfylle brannkrava i høve til byggjeforskrifta, og skal dokumenterast på byggjesaksnivå.

~~«Forskrift om handtering av farleg stoff» og Storulykeforskrifta frå DSB skal vere gjeldande, eller den til ein kvar tid gjeldande forskrift. Plassering av byggjetiltak innanfor faresona får brannkrav i høve til byggjeforskrifta, dette skal dokumenterast på byggjesaksnivå.~~

§ 8.3 Faresone for høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (pbl § 11-8a, H370)

~~Tiltak innanfor området skal godkjennast av leiingseigar.~~

~~Innanfor området H370 er det ikkje tillate med tiltak som er til hinder for etablering av høgspenningsanlegget. Dette skal dokumenterast i søknad.~~

§ 8.4 Raud støysone for vindturbin (pbl § 11-8a, H210).

~~Innanfor sona kan det ikkje oppførast støysensitive verksemdar som kontor og opphaldsrom utan at det er iverksett tiltak som sikrar at støy frå vindturbin ikkje overstig krava i forskrift om vern mot støy på arbeidsplassen.»~~

2.2 ROS-analyse

Ettersom det ikkje skal anleggjast nye konstruksjonar, blir det ikkje behov for anleggsfase og derfor er dei uønskte hendingane som kan utløysast i anleggsfasen tatt ut av ROS-analysen. I tillegg er det lagt inn ei vurdering av jordkablør og trafo på området. Dessutan er ROS-analysen oppdatert i samsvar med DSB sin rettleiar frå 2017.

Nye forhold som er vurdert:

Steinsprang: Det er gjort ei eiga risikovurdering av steinsprang, og føresegnene til planen heimlar naudsynte tiltak slik dei er utforma frå før, sjå ROS-analysen.

Trafikktryggleik: Trafikktryggleik er vurdert for kryss knytt til SKV2 og sidearm til SKV3, og det er tilrådd tiltak for å betre sikta, sjå omtale over.

Støy for arbeidsplassar: I områda som ligg nærast turbinen, som er plassert i naboplanen på grensa mot kai 3, er det tillate med bygg til industriføremål med tilhøyrande lager- og kontorfunksjonar og anlegg. Raud støysoner for vindturbinen er teke inn i plankartet med tilhøyrande føresegn for å sikre tiltak mot støy på eventuelle kontor og opphaldsrom.

Iskast: Ingen areal innanfor planområdet blir utsett for iskastfare over akseptskriteria for industri- og kontorverksemd om naudsynte tiltak blir gjennomført. Det er teke inn ei føresegn som skal sikre at det ikkje blir etablert verksemd og tiltak som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbin enn 175 meter.

Skuggekast: Det er vurdert å ikkje vere behov for tiltak innanfor planområdet.

2.3 Andre opplysningar

Det vert knytt rekkefølgekrav i planendringa til planID 2013003 om at endringa i denne planen skal vere vedtatt før igangsetjingsløyve for vindturbinen på høgde opp til 275 meter vert gjeve. Det er derfor viktig å få vedtatt denne planendringa effektivt.

Til opplysning er det avhalde oppstartsmøte for ein parallell reguleringsprosess som skal samle og rydde opp i fleire reguleringsplanar i Sløvåg. Intensjonen med dette arbeidet er å regulere for det som er bygd i området og leggje til rette for utvikling i framtida. Visse forhold som bredde på veg (for eks. f_SKV3) og utforming av kryss er ikkje bygd i henhold til opprinnelig plan, men dekker dagens behov. Dette vil bli vurdert på nytt i den store oppryddingsplanen. Oppstart av dette arbeidet tek til våren 2024, og det vil vere aktuelt å sjå på fleire forhold også innanfor området som er omfatta av detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn.

2.4 Verknader/konsekvensar av endringa

I gjeldande plan er det allereie godkjent industriverksemd som dekkast med 379,6 daa sikringssone for brann-/eksplosjonsfare. Det vert no redusert til 156,9 daa, og er derfor ei positiv endring med omsyn til konsekvensar. ROS-analysen vert godkjent med eit så stort område med denne omsynssona, og ettersom det berre vert redusert i denne endringa endrast ikkje ROS-analysen.

Vegsystem og kaiar er endra i høve til tidlegare plan, men er i samsvar med allereie bygd situasjon. Endringane vil difor ikkje medføre verknader ut over dei som allereie er til stades. Etablering av vindturbin i naboplanen planID 2013003 medfører fare for støy, skuggekast og iskast. Desse verknadane er vurdert og tilrådde tiltak er teke inn i planen.

3 Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd

Planforslaget vert fremja som reguleringsendring etter forenkla prosess, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-14. Lova gjev moglegheit for å vedta endring av reguleringsplan etter ein enklare prosess, når endringane:

- *i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen*
- *ikkje går utover hovudrammene i planen*
- *og heller ikkje vedkjem omsynet til viktige natur- og friluftsområde*

Endringane inneber reduksjon av sikringssona for brann- og eksplosjonsfare og at vegsystem og kaiar i nord blir oppdaterte i samsvar med gjeldande situasjon. Endringane er vurdert til i liten grad å påverke gjennomføringa av gjeldande plan, då området allereie er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen. Endringa går heller ikkje utover hovudrammene i planen, som er industriverksemnd og kaiar med tilhøyrande funksjonar.

Gjeldande plan er allereie godkjend med eit større område med sikringssone for brann-/eksplosjonsfare. Endringa legg til rette for at det kan førast opp ein vindturbin innanfor tilgrensande plan, planID 2013003.

Reguleringsendringa medfører ingen konsekvensar ut over gjeldande situasjon, og påverkar ikkje allmenne interesser, tryggleik eller miljø. Etablering av vindturbin innanfor naboplanen er teke høgde for med tilrådde tiltak mot støy og iskast.

Før det blir fatta vedtak, skal saka leggast fram for aktuelle styresmakter. Dei som saka gjeld, som eigarar og festarar av aktuelle eigedomar og andre som saka er viktig for, skal få moglegheit til å uttale seg. Lova gir ingen frist for høyring, men departementet har i lovkommentaren til plandelen av plan- og bygningslova lagt til grunn at ein rimeleg frist vil kunne vere på to–tre veker.

4 Medverknad

Det har ikkje vore gjennomført verken folkemøte eller varsla om igangsetting av denne reguleringsendringa, då ho ikkje påverkar omkringliggande tomter eller verksemnder. I samband med endringa av detaljregulering for Gulen industrihamn, planID 2013003, vart det halde eit folkemøte den 26. juni 2023 og i tillegg varsla om igangsetting av reguleringsarbeid for reguleringsendringa per brev til naboar, grunneigarar og høyringsinstansar.

5 Høyring

Forslaget til endring av detaljregulering for råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn var på høyring i perioden 31.05.2024–21.06.2024. Det kom inn ni merknader, der sju er frå offentlege styresmakter, éin frå private og éin frå ein næringsaktør i området. Etter råd frå Statens vegvesen er arealføremålet SVG – annan veggrunn utvida med éin meter på kvar side, og byggjegrensene mot vegarealet er justert tilsvarende. Etter innspel frå NVE er det òg tydeleggjort i føresegn 8.3 at dette er ei faresone. Nord Terminals Sløvåg AS har trekt sin merknad til reduksjon av sikringssona, og det er semje om at dette skal avklarast i ein ny planprosess for heile industriområdet, som er i oppstartsfasen. Det blir elles vist til det vedlagde merknadsskjemaet med tiltakshavar sine kommentarar.